

Kyrkjeliv

I NORD-AURDAL

Høstnummer 2024

Kyrkjeliv nr. 3

Årg. 60



Glade 1. klassinger i Skrautvål har fått 6-års boken sin
Foto: Jeanett Aspholt-Weisser

God høst!



TAKK! -og litt til



No er hausten her med fine fargar og nye aktivitetar. Bladet du no held i handa er eit direkte resultat av at du, som ein av mange gode støttespelarar, har gitt ein sjerv, stor eller liten, for å støtte utgjevinga av Kyrkjeliv i Nord-Aurdal. I skrivande stund har vi fått inn 46 000 kroner frå privatpersonar, og vi har fått inn 38 000 kroner i støtteannonser i bladet. Dette er vi svært takknemlege for. Det gjer at vi har råd til å gje ut både haustnummer og julenummer no i 2024. Eg vil ikkje seie at økonomien vår er trygg no, for utgiftene til trykking og utkøyring aukar stadig. Så vi er som vanleg avhengige av å ha gode støttespelarar. Og all støtte er like velkommen, slik at vi kan fortsetje å gje ut Kyrkjeliv i fleire år framover. Difor vil eg på vegne av redaksjonen få koma med ein stor TAKK til alle dykk som har støtta oss

med ein pengesum, stor eller liten. Og er det nokon som framleis har lyst til å gje ei gåve til Kyrkjeliv er vipps-nummeret 660778, og kontonummeret 2320.28.52955.

Tusen takk til deg som les Kyrkjeliv også, uansett om du gir oss støtte eller ikkje. Det er viktig med lesarar, og håpet er at noko av det vi skriv skal engasjere eller røre ved noko inne i deg som les. For kva er vel eit blad utan lesarar? Og vil du bidra med noko her, er det berre å ta kontakt med redaksjonen. E-postadressa er kyrkjeliv@gmail.com, eller du kan ta kontakt med soknerådet i bygda di. Det er viktig for bygdelivet der du bur at du engasjerer deg i det som skjer, og ikkje minst er det viktig å vera aktiv i det å ivareta kyrkja i bygda.

Kostnadsnivået i dagens samfunn stig av og til veldig uforutsett, og det hender at nokon foreslår at dersom kyrkja i ei bygd blir lite brukt, kan ho bli vinterstengd, eller i verste fall heilt stengd!

Vi har seks bygder i Nord-Aurdal, og seks kyrkjer. Og dei fleste av oss ynskjer vel at dei store hendingane i livet, som dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd skal gå føre seg i vår eige, utvalde kyrkje. Men då må vi og vera med på å halde kyrkjene levande! Ei kyrkje kan brukast til så mykje anna enn berre vanlege gudstenester, dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder. Men det er opp til bygda og soknerådet å få til dette. Så engasjer deg i det som hender i bygda di, og bidra til eit rikt og sterkt bygdeliv. Saman er vi sterke, og endå sterkare blir vi dersom vi hjelper kvarandre.

Med hausten kjem fleire aktivitetar, både inne og ute. Eg håpar akkurat du får ein fin haust, og blir det kaldt og «hustrint», så finn deg ein kopp med varm drikke, varme ullsokkar på beina, fyr opp i omn eller peis og kos deg skikkeleg i haustmørket.

Helsing Marit



Kyrkjeliv
I NORD-AURDAL

Opplag: 3500
Redaktør: Marit Trøen
Trykk: Rolf Ottesen AS
Utgjevar: Sokneråda i Nord- Aurdal

VIPPS: 660778
Kontonummer: 2320.28.52955
E-postadresse: kyrkjeliv@gmail.com

**KIRKEKONTORET
I FAGERNES**
Jernbanevegen 5, 2900 Fagernes
Tlf. 61 36 00 60
Mandag – fredag 9-15

Kirkeverge/daglig leder
Aud-Karin Hovi
Tlf. 90 71 22 61
E-post: ah344@kirken.no

Sekretær
Eirunn Steinsfjord Tlf. 90 70 31 48
E-post: es429@kirken.no

Menighetspedagog
Maria Stensby
Tlf. 61 36 00 60
e-post: ms829@kirken.no

Barne- og ungdomsdiakon
Martha Fodnes
Tlf. 905 84 374
e-post: mf828@kirken.no

Kirkevaktmester
Øyvind Huset
Tlf. 99690708
e-post: oh372@kirken.no

PREST/SOKNEPREST
Jostein Enger
Tlf. 97 50 12 73
E-post: je886@kirken.no

Kristine Inderhaug
Tlf. 95 81 25 05
E-post: kf532@kirken.no

Prost
Carl Philip Weisser
Tlf. 91 55 55 04
E-post: cw478@kirken.no

Kantor
Monica Korsli Solberg
Tlf. 90 40 08 45
E-post: ms358@kirken.no

Organist
Arthur Budvytis
Epost: AB468@kirken.no
Tlf. 41397323

Driftsleder gravplass
Jan Erik Nordlund
E-post: jn559@kirken.no
Tlf. 40246287

Kirkegårdsarbeidere
Arve Bakke Tlf. 91 88 56 35
E-post: ab865@kirken.no

Ola Reishaugen Tlf. 90 21 24 33
E-post: or672@kirken.no

**MENIGHETSRAÐSLEDERE
Aurdal**
Jeanett Aspholt-Weisser
Tlf. 90 68 13 35
E-post: jeanett_sandli@yahoo.com

Tingnes
Jonny Rye Tlf. 95 93 71 97
E-post: jonnyrye10@gmail.com

**Skrautvål
Leder kirkelig fellesråd**
Håvard Meisdalshagen
Tlf. 99 46 73 48
E-post: meisdals@online.no

Tisleidalen
Anna Rust Holt Tlf. 41 33 18 46
E-post: anatas.rust@gmail.com

Svenes
Karen Marie Grythe Tvedt
Tlf. 41 22 28 19
E-post: karen.tvedt@hotmail.com

Ulnes
Sigrun Irene Rognås Tlf. 92 02 00 23
E-post: sig-rogn@online.no

KIRKE I ALLE REGNBUENS FARGER

17 år. Så er det gått 17 år sida jeg fikk bli prest i mitt barndoms rike. Ikke alle var like glade for at det kom en prest med liberalt syn på homofilt samliv. Samarbeid ble avbrutt – rygger ble snudd. Det har skjedd mye sida 2007: Likekjønnet ekteskapslov kom på plass i 2009. Kjønnsnøytral vigselsturgi ble vedtatt i 2017. Det er lenge sida LHBT+ personer måtte se seg engstelige over skuldrene i møte med kirka. Eller?

Klokkertroen på at verden beveger seg stadig framover har fått mange skudd for baugen de seinere åra: Klimakrise, krig og korona har vist oss at framdrift ikke er en grunnleggende naturlov. Angrep på lesbiske, homofile, bifile og transpersoner skjer nå – ikke bare i fortida. 25. juni 2022 endte det med død. 3. august i år ble to unge, homofile menn knivstukket. Mange opplever hets og diskriminering. Psykisk uhelse er ofte konsekvensen – noen tar sitt eget liv.

La oss reise oss og stå sammen for et fargerikt fellesskap. La oss vise hverandre gleden over å leve i et mangfoldig samfunn – der ulikhet er bra! Regnbuens farger skal også få glitre i kirka. Her er du hjemme, du gutt som elsker en gutt. Her har du en plass, du som ikke er han eller hun, men hen. Her blir du sett som den du er, du som er jente i en guttekropp eller motsatt. Du er deg – og du er uendelig verdifull.

Fellesskapet i menigheten handler ikke om felles kultur, eller felles meninger. Det er ikke for ingen ting at den trefoldige Gud har skapt et uendelig mangfoldig skaperverk! Det som knytter oss sammen som kirke, er Guds nåde og kjærlighet: «Her er ikke jøde eller greker, her er ikke slave eller fri, her er ikke mann og kvinne. Dere er alle én i Kristus Jesus.» (Gal 3,28).

Ei rik tid som prest i Nord-Aurdal er i ferd med å gå mot slutten – i hvert fall for denne gang. Hva sitter igjen som



det mest verdifulle, etter alle disse årene? Menneskemøter er det som har gitt vekst og næring i prestehverdagen. Alle mennesker bærer på unike fortellinger. Og er det en ting jeg har lært, så er det verdien av mangfold!

Har jeg klart å åpne kirkedøra for flere? Har du følt deg sett og verdsatt? Kjenner du at det er plass til deg i kirka? Det får du vurdere selv. Jeg er i hvert fall glad for at jeg får være med og arrangere Regnbuemesse i Strand kirke, nå på tampen av tida mi som prest her i Nord-Aurdal. En gudstjeneste i alle regnbuens farger, der vi får komme som vi er. En gudstjeneste der vi vil løfte fram gleden over å være som vi er. Får vi til det, da er vi med og virkeliggjør Guds kirke på jord: Ei kirke i alle regnbuens farger.

Hilsen Jostein Enger



Kirken på Pride her ved Anna Karoline Ness, og Petter Martin Lindstad

ANN KRISTIN

- nyansatt vikar som UNGDOMSDIAKON

Tekst og foto: Jeanett Aspholt - Weisser



I mai ble Ann Kristin Tjernslien ansatt som vikar for Martha under hennes permisjon. Ann Kristin (35 år) er opprinnelig fra Skrautvål og bosatt på Fagernes med samboer, 2 barn i barnehagealder, hund og katt. Hun er utdannet hudterapeut, og har drevet hudpleiesalong på Fagernes i 9 år. I tillegg har hun jobbet i barnehage og innenfor eldreomsorg. Da jobben som vikar for ungdomsdiakonen ble utlyst syntes hun jobbeskrivelsen så spennende ut, og

søkte derfor på stillingen som ungdomsleder i kirka. Hun liker godt å omgås folk i alle aldre, og trives veldig godt i jobben, som er både variert og spennende.

Hennes jobb i kirken i Nord-Aurdal vil være variert, men hovedsaken er å gjøre kirken sitt diakonale tilbud kjent for barn og unge, og rekruttere til deltakelse på våre aktiviteter.

På agendaen er det å organisere og gjennomføre klubbtilbud for unge i alderen 10-13 år, med ulike aktiviteter, film og hyggelig samvær. Hun er allerede godt i gang med Tweensklubb i Tingnes på fredager. Ann Kristin skal også jobbe for å skape et sted for aldersgruppa å være i samarbeid med menighetsråd og frivillige. I tillegg skal hun jobbe med konfirmantgruppene og skape sosiale aktiviteter med og for konfirmantene i samarbeid med sokneprester og menighetsråd.

Kirken har flere aktiviteter som Ann Kristin skal jobbe med. For eksempel organi-

sere og gjennomføre middagstilbud for familier og andre i samarbeid med menighetsråd og frivillige. Dette gjennomføres på utvalgte torsdager i Tingnes kirke, og målet er et hyggelig samvær. For mer informasjon, eller for å melde seg på er det viktig å følge med på Facebook eller man kan ringe kirkekontoret og spørre der.

Noe av Ann Kristins første oppdrag var at hun i sommer var ansvarlig for et nystartet aktivitetstilbud for barn fra 2 til 7 klasse. 3 dager i uken i 4 ulike uker inviterte kirken i Nord-Aurdal barna til Tingnes kirke for artige dager sammen. Dette var veldig vellykket, og du kan lese mer om dette tilbudet i artikkelen om Aktivitetsdager i Tingnes.

Vi er veldig glade for å ha med Ann Kristin på laget og ser frem til videre samarbeid!

Diakon for barn og unge - ei heil stilling til halv pris

Tekst og bilder: Ann Kristin Tjernslien og Aud-Karin Hovi

Kva har barn og unge i kommunen lyst til? - Ein stad å henge, der det er trygt, og gratis. Det vil vi gjerne tilby også i 2025.

Eit unikt samarbeid mellom dei seks sokneråda, bispedømerådet, kommunen og kyrkjeleg fellestråd har sikra finansiering og drift i tre år. Kan vi halde fram?

Barn, ungdom og unge vaksne

Vi har Ungdata-undersøking, Leverkårsstatistikk, kommuneplanen sin samfunns-

del og ikkje minst dialog med både institusjonar og mange barn og unge. Kyrkja har mange spanande rom og mange frivillige. Og barn og unge var tydelege på at dei sakna ein stad å henge, der det er trygt og der det er gratis, då vi spurde i 2022. Mange har fått fleire gratis-tilbod, og fleire kjem til.

Kva har vi fått til, og kva kjem?

Med denne satsinga har vi dei siste par åra kunne tilby redesign syddagar for ungdom 13-18 år, aktivitetsdagar i sumarferien for 2.-7. klassingar, oppstart og drift av barnekor for 1.-3. klasse og tweens-



kor for 4.-7. klasse, tweens-klubb for 5.-7. klasse, klubb for ungdom i konfirmasjonsalder, leir for ungdom etter konfirmasjonstida, sorggruppe for ungdom, hybelmiddag på vidaregåande. - Vi skal halde fram med å lytte til ungar og ungdom sine behov slik at dei kan vere med og forme, eige og kanskje drive aktivitetar som dei sjølve ynskjer, seier Martha Fodnes som er i foreldrepermisjon denne hausten.

-Gøy heile tida

Sumaren kan vere krevjande når ungene har ferie medan dei vaksne på jobbe. Ann Kristin Tjernslien starta som vikar for Martha rett før sumarferien starta. Kyrkjene arrangerer aktivitetsdagar i sumarferien mange stader i landet. Og vi kasta oss rundt og inviterte til «Aktivitetsdagar i Tingnes» frå onsdag til fredag i fire veker. Tilbodet var for barn som skulle opp i 2.-7. klasse no i haust. Det kom brått på for mange, så det var berre nokre få deltakarar i starten. Men dei siste to vekene hadde vi større pågang enn kapasitet. Vi hadde mange aktivitetar som til dømes prøvespeling av kyrkjeorgel saman med kantor Monica K. Solberg. Det vart nokre utflukter men aller mest frileik. Vi takkar for svært godt samarbeid med Valdres folkemuseum, HILME, brannvesenet og dei



frivillige som stilte opp! Fleire foreldre fortalde at dette var eit kjærkome tilbod når dei sjølve måtte på jobb og ungene hadde sommerferie. Og nokre foreldre var også med ungene sine, som eit aktivitets-tilbod for familien. I Tingnes fikk vi sjå nye venskap blomstre. Ein foresett fortalde at ungene hadde sagt at «det morosamaste med å vere med på aktivitetsdagane var at det var gøy heile tida!»

Ei heil stilling, til halv pris

Satsing på barne- og ungdomsdiakoni starta i 2022. Sidan då har kyrkja i Nord-Aurdal fått dekkja ei heil stilling til barne- og ungdomsdiakon der Nord-

Aurdal kommune og Hamar bispedømmeråd dekkjer halvparten av kostnaden kvar i tre år. Bispedømmerådet er så nøgde med det vi har fått til at dei er med vidare frå 2025 dersom kommunen tek den andre halvparten. Vi er naturleg nok spente på svar frå kommunen.

Tweens-klubb

Kyrkjekjellaren i Tingnes er godt utstyrt for å ha klubb. Og i haust startar vi opp tweens-klubb for mellomsteget, 5.-7. klasse. Vi satsar på slik omtrent ein fredag kvar månad der ein kan kome som ein er rett etter skulen. Det blir mat, speling og ein stad å henge, der det er trygt,

VELKOMMEN TIL TWEENSKLUBB!
5.-7. klasse

Vi starter opp tweensklubb for deg som er ung, midt mellom barn og tenåring, hver måned denne høsten og vinteren.

Sted: Klubbrommet i kirkekjelleren i Tingnes kirke.

Det blir først mat kl. 14.30, og vi avslutter kl. 17.00

Spørsmål og påmelding til Ann Kristin Tjernslien på e-post at227@kirken.no senest torsdagen før.

Sjekk ut facebookgruppen «Klubb for Tweens i Nord-Aurdal (5.-7. klasse)»

TWEENSKLUBB 5.-7. klasse
14.30-17.00

Datoer:
30. august
20. september
11. oktober
1. november
29. november

Uffersa kirke
Sjå på app
Venn sammar
Lage mat
Spine kaférett

DEN NORSKE KIRKE
Nord-Aurdal

I kirkekjelleren i Tingnes.
Kontakt Ann Kristin på e-post at227@kirken.no for påmelding



Sommergudstjeneste i Aurdal fjellkirke

Tekst: Jeanett Aspholt-Weisser

Foto: Bjørg Antonsen

Søndag 28.juli ble det arrangert en gudstjeneste i Aurdal fjellkirke. Dette var et samarbeid mellom Aurdal Fjellkirke og Aurdal Sokneråd som virkelig frister til gjentakelse! Gudstjenesten var ved prest Jostein Enger. Ellers tok også kantor Monica Korsli Solberg og kirkevert og representant for Aurdal sokneråd Turid Bjørgo turen til Aurdalsåsen denne dagen. Det ble en meget hyggelig dag med både gudstjeneste, dåp og kirkekaffe.

Elisabeth Fehn Olsen og Per Øyvind Olsen ba inn til kirkekaffe på hytta si ved Damtjern etter gudstjenesten. Det var pynta med blomster og satt opp og pynta bord både inne og ute. Med andre ord var det tatt skikkelig værforbehold, ettersom denne sommeren ofte har kommet med plutselige regnbyger. Folket koste seg med kaffe, bakst og godt vær på det fine hyttetunet. Vi takker for gjestfriheten og samarbeidet rundt denne flotte dagen!



I Aurdal så har vi et flott menighets-
hus som er fylt med alt man trenger
for å arrangere alt fra barneselskap,
bursdager, minnesamvær, møter og
andre selskap.

Vi har et fullt utstyrt kjøkken,
dekketøy til ca 80 stk, bord, stoler
og det som trengs for et hyggelig
lag.

Ønsker du å leie våre lokaler så er
du hjertelig velkommen
til å ta kontakt med:

Bjørn Amund Øverseth
Tlf: 48 28 83 15
Mail: bjornamund@icloud.com



Heilt fyrsteklasses gudsteneste i Skrautvål kyrkje

Tekst: Maria Stensby

Foto: Aud Irene Lyseng og Jeanett Aspholt-Weisser

Det kom mange spente barn i Skrautvål-kyrkja søndag 18. august for å vera med på «Heilt fyrsteklasses» gudsteneste. Det var sendt ut invitasjon til barn som fyller 6 år i år og som skal starte i 1. klasse denne hausten. Barna vart bedne om å ta med skulesekken sin og for å få ei ny kyrkjebok. I denne gudstenesta fekk barna høyre om den Gyldne regelen: **det du vil at andre skal gjera mot deg, skal du gjera mot dei** (Matt 7,12.)

Barna vart spurde om kva dei kunne gjera mot andre, kva som kan gjera andre glade – og dei hadde mange fine forslag: dele med andre, spørje om dei vil vere med i leiken, hjelpe til heime og å seia hei når nokon går forbi. Alle desse fine og gode tankane fekk barna teikne eller skrive om på eit hjarta som vi hang opp på den fremste kyrkjebenken i kyrkja under bønemandringa. Tingnes barnekor var også med i gudstenesta, og opptredde fleire gonger med mange fine songar for alle som kom i kyrkja. Det var veldig fint å sjå og høyre på det flotte barneket. I gudstenesta delte soknerådet ut 6-årsboka til fyrsteklassingane, og dei fekk med eit koseleg kort inni boka med namnet sitt på og ein lita helsing. Det var også sendt invitasjon til dei 11-åringane som ikkje hadde fått bilbel tidligare i år, og det kom ei blid jente frå Ranheimsbygda. Etterpå vart det servert heilt fyrsteklasses frukt og saft og kaffe, og mange vart att ei god stund etterpå for å teikne og fargelegge. Barna som hadde fått bok teikna i boka si med farger fra pennalene sine.



Fyrsteklassingane kjem. Foto Jeanett.



Marie Ranheim.
Foto Aud Irene.



Full aktivitet. Foto Aud Irene.



Tingnes barnekor. Foto Jeanett.



Maria og Arthur med Tingnes barnekor
Foto: Aud Irene.



Tingnes barnekor. Foto Jeanett.





Fleire bilete frå **SKRAUTVÅL KYRKJE**

Det var mange fyrsteklassingar denne dagen



Vi fyller 110 år og ønsker oss mange nye medlemmer

AKTIVITETENE VÅRE:

- Formiddagstreff
- Gågruppe
- Medlemstur
- Demensaksjon
- Hjerteaksjon med Hjertemarsj
- Arrangementer for de med en demens diagnose
- Juletefest

*Vi ønsker flere medlemmer som vil støtte oss og våre saker, og som bidrar til lokallagets aktiviteter.
Vi fortsetter med halv pris til kr 175,- på medlemskap i 2024.*

Nasjonalforeningen
for folkehelsen



Aurdal
helselag

For mer info, ta kontakt på tlf. 994 17 220

Orgelelever under **Sommersymfonien** 2024

Tekst og foto: Hans Enger

Sommersymfonien har feiret 30 års jubileum denne sommeren. For første gang har det vært med orgelever, tre jenter på 11, 12 og 18 år. Lærerne er fra Nettverk for orgelpedagoger.

Elevene øvde på forhånd – og deltok på gudstjenesten i Tingnes kirke den 23. juni.

Kyrkjeliv fikk være til stede under øvinga. Vi opplevde hvordan lærerne terpet så det skulle bli riktig, og hvordan elevene «skled» inn og ut på orgelkrakken – uten at det ble opphold i musikken når neste elev overtok.

Lærerne fortalte at det er utrolig viktig med rekruttering av kirkemusikere. Å få med undervisning her på Sommersymfonien kan kanskje bidra til bedre rekruttering.

Gudstjenesten startet med at Åshild spilte som preludium, Buxtehudes Toccata i F som forspill til 1. salme, Så grønn en drakt (Salme 845). Da var det søstrene Qinhe og Qinxing som hadde overtatt, og spilte 4-hendig. Jentene spilte så det var godt å synge, og det ble god salmesang.

Sokneprest Jostein snakket i prekenen om at for «å fikse livet», er ærlighet et godt sted å begynne. I kirka legger vi også vekt på å føye til to bokstaver til ærlighet, og da får vi kjærlighet!

Musikken og salmesangen ble gode under gudstjenesten. Og da ikke bare orgelmusikken. I Tingnes kirke er det et håndklokkespill, må vite! Og dette ble benyttet, ikke minst til postludiet. Da spilte elever og lærere så det var en fryd for øret, Guds kirkes grunnvoll ene Salme 532).

Kyrkjeliv håper en slik gudstjeneste kan bli en årlig foreteelse under Sommersymfonien.



På orgelkrakken sitter Åshild, med søstrene fra Trondheim bak.



Orgelpedagog Ghislain med elev Qinxing som forberede seg til å spille til gudstjeneste.



Håndklokkepostludiet. Fv. Chislain Gourvennec, Peter Vang, Åshild, Qinhe, Qinxing og vår egen Monica.

KYRKJETEKSTILAR I ULNES KYRKJE

Det er Jostein Enger som har teke dei fleste bileta, og det er også han som er modellen. Bilde 1 og 14 samt informasjonen om haklene er i stor grad henta frå boka «Trådar mellom himmel og jord» av Solveig Rydland og Solveig Sandberg. For dei som ynskjer å få vite meir om desse og andre haklar er boka å anbefale.



Ulnes kyrkje har eit rikt utval av kyrkjetekstilar. Heile 4 messehaklar er oppbevara i kyrkja, samt ein som er gjeven og oppbevara på Norsk Folkemuseum. Denne hakelen er datert til 1621 og er truleg den eldste hakelen som vore i Valdres.

.....

Det finnast og ein kvit messehakel i Ulnes. Den er vevd i Mercerisert bomull og ducosil silke og fora med silketøy. Denne er og rikt dekorert med gull- og silketråd. Også denne er teikna av Gro Bjørhei og Marit Annys vevstogo har vore produsent. Den kvite messehakelen er datert 1992 og vart innvigd 1. påskedag i 1992. Her høyrer det og til stola, klede til preikestol og lesepult i same stil til frå same produsent.



Ulnes har ein grøn hakel, vevd i ull og mercerisert bomull. Ser ein nærare på hakelen ser ein striper i ulike sjatteringar. Den er rikt dekorert med motiv brodert med silketråd i fleire fargar. Denne er datert til 1989. Den er teikna av Gro

Bjørhei, brodert av Anne Landsverk og vevd og montert av Marit Anny Løken Tvenge.

Til den grønne hakelen er det stola, klede til preikestol og lesepult som er laga av same produsentar.



Den fiolette messehakelen er ikkje så rikt brodert som dei to før omtala. Men den er rein og stilig i sine vevde fargar. Framme på hakelen er det innvevde striper i mørk fiolett, lysare fiolett, sølv, lakseraud og blå farge. Desse illustrerer ein stolpe med to skråbroderte korsarmar. Dette danner då

eit gaffelkors. Gro Bjørhei har og teikna denne medan Marit Annys vevstogo har produsert den. Denne er datert til 1994. Som på dei to andre er det også her tilhøyrande stola, preikestolklede og lese-pultklede i same farger.



.....

Så er vi kome fram til den siste messehakelen som tilhøyrer Ulnes kyrkje.

Den er i raud fløyel, fora med bomullstøy som er sydd fast med ubleika lintråd. Den er kanta og pryda med gullband, og med eit kors på baksida. Framme er det berre den raude fløyen og kantinga med gullband som synast. Til denne hakelen finnast det ingen opplysningar om alder og produsent, men det er fleire liknande hakler i heile Valdres. Desse er vurdert å vera produsert i tida rundt 1850 – 1950. Denne har ingen tilhøyrande stola eller andre klede.



Tekst og Foto: Anna Holt Rust

Gjennom flere perioder i menighetsrådet legger en jo merke til noen som kanskje prater litt ekstra, stiller litt ekstra opp, eller bare er et positivt innslag i hverdagen. Jeg bestemte meg for å ta en grundigere prat med et par av disse personene, nemlig Sverre Norman Thon og kona hans Inger-Johanne Thon.



Sverre ble født i 1942 og vokste opp i Bærum. Inger-Johanne er ett år yngre og vokste opp i Kvinnherad og Fusa utenfor Bergen, men i 1962 reiste hun som nitten-åring til Bærum og tok treårig høyskoleutdanning for vernepleiere ved Emma Hjorth. Sverre og Inger-Johanne gifta seg i 1964, og ekteparet flytta til Trondheim i 1965 der Sverre tok utdanning til ingeniør ved Trondheim Tekniske skole frem til 1967. Sverre har jobbet ved flere kjente plasser gjennom livet som for eksempel NTH, Morgenstjerne & co og Norsk Polarinstitutt-forskningsstasjonen på Svalbard før han nådde pensjonsalderen, og han og Inger-Johanne kunne begynne å tenke på å slå seg ned i Tisleidalen.

Etter flere år boende både i Trondheim, Klæbu og Lunner på Hadeland var tiden kommet for å slå seg ned i Tisleidalen. Paret overtok hytteeiendommen "Tisleiro" på Vaset i Tisleidalen i 1969 etter Sverres foreldre, og i 2012/2013 bygde de enebolig på eiendommen og ble fastboende i Tisleidalen.

Hytteeiendommen i Tisleidalen var opprinnelig ei tomt på et stykke som Engbret Thon og kona Sigrid satte av for fritidsbolig for sine etterkommere. Ulrik og Sigurd Thon var de første som satte opp hytter her i 1944-1946.

Ferietider og høytider, som sommer og påske, ble etter dette tilbrakt på hytta i Tisleidalen. Sverre forteller om et av de første minnene fra ferien sommeren 1946, da de hadde med ei barnepike fra Bærum. Nede ved Ormshamarbrui hadde denne barnepika fortalt eventyret om "De tre bukkene bruse".

- Det gikk flere år før jeg torde å gå ned til brua, humrer Sverre når han tenker tilbake.

Ettersom åra gikk og verken troll eller bukker viste seg, ble det flere og flere turer med fiskestanga.

- Jeg ble godt kjent med elva fra Høvdahølen og opp til Svarthøla, sier Sverre før han forteller at Vasetstølen hadde båt i elva og den ble brukt fra Øynad'n og opp til Fløtd'n.

Hytta er en del av 150 års historie: Fram til 1880-1890 tallet ble Stevnet Vasetdansen arrangert den andre helga i august hvert år, der ungdommer fra hele Valdres og Hallingdal møttes til kappestrid og fest.

- Huset som står på stølen i dag satte oldefar Ulrik Eriksen opp for at festfolket skulle ha et sted å være når det ble dårlig vær, forteller Sverre.

- Stølen var ei bryllupsgave til brudeparet fra brudens side i Landmark da Ulrik Eriksen Monseplassen gifta seg med Berit Andresdatter, tilføyer han for å bekrefte opphavet.

Siden de overtok hytta i 1969 har Sverre og Inger-Johanne tilbragt mang en sommer og påskeferie her sammen med sine to barn, Sigrid og Håkon. I dag er barna voksne og har familier selv.

- Til nå har vi fem barnebarn og fire oldebarn som vi gleder oss stort over å ha besøk av, avslutter Sverre med et stort smil.



OPEN DAG I ULNES KYRKJE

Tekst og foto: Hans Enger

Siste dagen i juni var det open dag i Ulnes kyrke. Det var eit samarbeid mellom Valdresmusea og Kyrkjekontoret, og vel 40 personar fann vegen til denne ettermiddagen der soknerådet stelte i stand traktering. Alle som reiser forbi kyrkja, kan sjå at noko er gale med ytterveggen. Og, la det være sagt med ein gong, her er det ikkje berre å spikre på litt høsenetting og pusse! Dette er vanskeligare enn som så. Og det er ikkje bare i Ulnes dette skjer. Dette er ei utfordring dei har i mange av dei gamle steinkyrkjene. Vi fekk høyre at dette har noko med ei oppfatning for nokre år sidan at ein kunne løyse problemet med ein heilt tett puss. Så feil kan ein ta.

Den opne dagen i Ulnes kom i stand i forbindelse med forprosjektet om kalking av veggene. Denne oppgåva er sett bort til eit firma som heiter Fabrica kulturminnetjenester. Firmaet var representert ved Per Storemyr og Morten Stige. I tillegg til å greie ut om kalking, hadde dei også tankar om at kyrkjerommet ikkje er så gammalt som vi har likt å tenke. Men, som dei sa, prøver i taket viser at tømmeret i koret, som den eldste delen, er felt i 1265/66.

Dei minna om at Ulnes er ei av 160 bevara steinkyrkjer frå middelalderen i landet. De tror at den er bygd parallelt med Slidredomen og meinte at det kan vera nokon av dei same handverkarane i begge kyrkjene. Dei sa at det er nødvendig for restaureringa no at det blir brukt riktig kalk. Kvar var kalken frå? Det er det ingen som veit. Men, kan det vera Etnedal?

Ole Christian Torkildsen frå Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon (KA) la fram ein teori om at det som alltid er blitt kalla døypefontlokk, det er frå eit kyrkjertårn! Dette er mellom anna vår lokale Ulnes kyrkje-kjenar, Jahn Børe Jahnsen djupt ueinig i. På ein måte er det fint at dei lærde stridast. Av slikt blir det utvikling, og forhåpentlegvis kjem ein etter kvart nærare sanninga.

Torkildsen og dei andre formidla kor viktige middelalderkyrkjene er for oss nordmenn for vår eigen historie. I mange andre land i Europa hadde dei borgar og slott som fortel om land og folk. Hjø oss

har vi middelalderkyrkjene, både steinkyrkjer og stavkyrkjer. Det var her vi fekk inn impulsane utanfrå. Og frå kyrkjene spreidde kunst og handverk seg utover bygd og by. Dette gjaldt ikkje berre bygningar og inventar, men også tekstilar, måleri og skrift for å nemne noko.

Arnt Erling Ringsaker, Ulnes kyrkje sin eigen kyrkjetenar, bidrog også. Han fortalte om inventaret. Vi veit kven som har laga mykje av det, sa han. Det er bygdefolk! Det er ikkje rart at folk som bor i Ulnes er glade i kyrkja si!

Ole Aastad Bråten, museumsdirektøren vår, deltok og. Han sa at «Kyrkjeløftet» ikkje berre er viktig for kyrkjene, men og for musea. (Kyrkjeløftet er store bevilgningar for å ta vare på de gamle kyrkjene). Han peikte på museet som laboratorium for handverkarar med rett kompetanse til å ta vare på kulturarven vår. Ole viste til at privatpersoner med kapital kan hende er dei som kan koma inn og redde deler av kulturarven. Det finnst jo verkeleg gode eksempel på dette. Her møtte han motstand frå dei andre, som står fast på at det er viktig med eit offentleg ansvar for kyrkjene – det breie eigarskapet. Samtidig som kyrkja skal være kyrkje!

Ein av Fabricas representantar på møtet minna representantane for kyrkja om at «de forvaltar kyrkjebygga for hele bygda, ikkje berre for dei kyrkje-aktive».

Etter samlinga inne i kyrkja kunne dei som hadde møtt opp gå til tre ulike stasjonar: Inne i kyrkjerommet, ute for mellom anna å sjå på skadene på veggene, eller oppe i tårnet. I tårnet kunne vi f.eks. ta middelalder-klokka, den yngre klokka, og skifersteinane på utsida i nærmere augesyn.

I det hele vart dette ein svært interessant sundag!

Under kirkeklokkene i tårnet er vi vitne til drøfting av viktige temaer. Ole Aastad Bråten, Arnt Erling Ringstad og Ole Christian Torkildsen.



Ole Aastad Bråten kan mer enn bare å være museumsdirektør. Her spiller han langeleik som åpning av dagen.



Kirkeverge Aud-Karin Hovi hadde ledelsen av dagen i sin hule hånd.



Kan døypefontlokket være noe annet enn nettopp det? Kan det ha vært et spir på utsida?



Sommergudstjenester i 2024

Tekst og Foto: Hans Enger

Fortsatt arrangeres det stølsmesser i Valdres, også i Nord-Aurdal.

Kyrkjelivs utsendte var på Strandmøstølen på messe på Breiset i begynnelsen av juli. Over 30 mennesker satte hverandre stevne denne dagen på dette vakre stølslaget. Det er en god tradisjon. Sogneprest Kristine talte inspirert og inspirerende om Sakkeus. Han ville se Jesus – og Jesus så han og ville besøke han. Det ble et vendepunkt i livet for Sakkeus. Gudstjenesten denne søndags formiddagen var kald og våt. Men under prekenen var det opphold. Akkurat denne utfordringen trengte vi ikke bekymre oss for, for det var satt opp flere telt. Vi satt under tak og inntok en kjempegod kirkekaffe med utsøkte kaker! Takk til alle som sto bak den!

På bildet ser vi klokker Liv Kari Steinsfjord ønske velkommen. (1)

14. juli var vi på gudstjenste i Aurdal fjellkirke hvor 4) pensjonert prest Ragnar Enger forretet. Mange kjenner han som prest i Nord-Aurdal i perioden 1982 – 1997. Det arrangeres gudstjenester med forskjellige aktører gjennom sommeren i fjellkirka. Denne søndagen var det omtrent 40 personer som hadde funnet veien til kirka.

Vi tar også med noen glimt fra gudstjenesten som var på Kyrkjesletta på Dalen den 21. juli. Sogneprest Jostein hadde med seg mange gode hjelpere. Det var to barnedåper og veldig mange mennesker, kanskje 140 i «benkeradene» (9). Barna som ble døpt, var Hermine Abel Meisdalshagen (5) og Jenny Hovi Lauvhaug (6). De ble døpt i vatn fra den nærliggende Olavskilda. Presten prekte om kvinne som

ble grepet i ekteskapsbrudd, og som ble tatt med til Jesus for at han skulle fordømme henne. Jesus sa til de som kom med henne, og ville steine henne, - Den av dere som er uten synd, han kan kaste den første steinen! Prest Jostein tolket dette som at vi må roe oss ned, telle til ti, og så se mer overbærende på hverandre!

I stedet for kirkeorgel, var det trompetmusikk ved Bjørn Magne Nyhagen, og håndklokkespill ved kantor Monica, Helle Nyhagen og Knut Ove Hennum (8). Knut Ove var i tillegg kirketjener, og Jenny Hole var klokkeren. Også her ble det servert gode kaker og kirkekaffe.

Gudstjenste på Kyrkjesletta er en god tradisjon!

Bilde 2. Prest Kristine, organist Arthur og klokker Liv Kari.

Bilde 3. Noen satt under tak, andre trossa været og satt i friluft.



Aktivitetsdager i Tingnes

Tekst og Foto: Jeanett Aspholt-Weisser

I år ville kirken i Nord-Aurdal teste ut noe nytt. Etter litt idemyldring og planlegging ble det invitert til aktivitetsdager i Tingnes onsdag, torsdag og fredag i uke 27, 28, 32 og 33. Dette er et tiltak for barn fra 2 til 7 klasse for å invitere de inn i kirkens aktiviteter i en ellers ganske så lang sommerferie. Vår nye ungdomsleder Ann Kristin hadde ansvar for planlegging og gjennomføring av aktivitetsdagene. Dette tilbudet var gratis for barna og dette gjør det til et tilbud som alle kan delta på uavhengig av økonomi.

Barna fikk være med å bestemme hva de ønsket å gjøre og dagene har blitt fylt opp med mange fine aktiviteter. De har malt, tegnet og vi har prøvd å farge laken med vannmaling. Ungene har testet ut pianoet og noen var så heldige at de fikk et lite orgelkurs med kantor Monica. Der fikk de som ville også teste håndklokkene.

Vi har laget insekthotell, spilt mange forskjellige brettspill, biljard, og Twister. Bordtennisen vår er blitt flittig brukt alle dager! Vi fikk besøke Valdres Folkemuseum, og fikk se på forestillingen som Mini-strunken hadde satt sammen. Vi har både laget og spist is. Barna har vært med på å lage både pølsegrøt og ostesmørbrød, har bygget hytte av matter og vært kreative sammen og fått utforske kirkerommet og kirkegården.

Siste uka fikk vi besøke brannstasjonen og der fikk ungene kjøre stigebil og teste ut brannslangen. Beredskapsleder Ivar fikk til og med en real dusj da han ikke var rask nok til å flytte seg fra blinken barna skulle sikte mot! Vi takker for at de tok imot oss og lagde en så fin dag for alle barna!

Dette har vært fine dager fylt med latter, glede, nye opplevelser og dannelse av flere nye vennskap. Godt gjennomført av vår nye ungdomsleder og det er jo lov å håpe på en gjentakelse neste år!



Glade ungar på museet. Foto: Ann Kristin Tjernslien.



PILEGRIMSVANDRINGEN 2024

Tekst og foto: Hans Enger

I 20 år nå har vi hatt felles pilegrimsvandring gjennom Valdres. Det er Pilegrimsfellesskapet St. Thomas som arrangerer. I tillegg til fellesvandring gjennom hele dalføret fra Hedalen til Filefjell, er det noen enkeltvandrere og mange som går korte etapper.

Hans Enger oppfordrer nord-aurdøler til å gå del av en dagsetappe. Du kan starte ved Vølksvagen og gå opp til Bergat'n, opp Bergastigen og over Fodnesåsen. Så kan du ha avtale om å bli hentet ved det som var et hestesenter – eller du kan gå ned til Ulnes kirke og bli hentet der. Godt merket.



Pilegrimsvegen ble «gått opp» for 20 år siden. En ville velge å gå minst mulig på veg. Men det er absolutt en god del vegstrekninger. Heldigvis går pilegrimene mye på skogsbilveger og stølsveger og også stier. En gjorde i starten avtaler med grunneierne om slike traseer.

Stiene må ryddes og merkingen må sjekkes regelmessig. Mange strekninger er felles med andre som rydder sti i skogen og på fjellet. Så noe er fiks ferdig. Men mange av stiene er det folk fra pilegrimsfellesskapet som sjekker.

Denne sommeren var det 18 pilegrimer som opplevde Valdres sammen i sakte tempo. Den eldste var 79 og den yngste var 26 år, bestemor og barnebarn. Generasjonen midt imellom var også med!

Nytt av året var en sykkeletappe. Denne ideen var det en av vandringslederne, Anne Marit Noraker, som hadde tatt med seg fra en pilegrimsvandring fra Stiklestad til Nidaros. Sykkelstrekningen var fra Aurdal kirke til Fagernes camping. Etter å ha gått til Aurdal fra Reinli stavkirke,

opplevdes det som godt å kunne sykle den siste strekningen.

I skrivende stund (begynnelsen av juli) vil vi oppfordre leseren til å tenke gjennom – kanskje det er neste år jeg skal være med?

Dette er en unik mulighet til å vise for deg sjøl at du er i stand til en slik kraftanstrengelse! Eller du er glad i Valdresnaturen – her får du oppleve Valdres i sakte tempo. Kanskje det er historien som fenger deg? Da kan vi fortelle at det blir lagt stor vekt på historie der vi vandrer. Og Valdres-historie finnes jo på hvert et nes langs hele ruta.

Eller kanskje du primært er interessert i kirker og kristenliv? Kirkene ligger der som perler på ei snor, flest gamle, men også noen nye. De brukes til samlinger med bønner og sanger. Samtidig husker vi at Valdres-historie også er knyttet til kirkene.

Alle som vandrer opplever det så fantastisk med fellesskapet som oppstår mellom de som vandrer sammen. Unn deg dette neste år!

Vandringsleder Anne Marit Noraker foran hele rekka med syklister har akkurat innledet perioden med bruk av sykkel mellom Aurdal og Fagernes.





Nye gravplassvedtekter for gravplassene i Nord-Aurdal

Gravplassvedtekter for gravplassene i Nord-Aurdal ble sist vedtatt i 2010. Med tiden har det blir andre krav til miljøhensyn og det har blitt klart at noen punkter bør presiseres.

Forslaget til nye gravplassvedtekter har vært gjennom en omfattende prosess med behandling i fellestrådet og hos Statsforvalteren før det ble sendt ut på høring i 2023. Gravplassvedtektene ble endelig vedtatt av fellestrådet og godkjent

av Statsforvalteren i april i år i vår, og de trådte i kraft 6. juni 2024.

Nytt i gravplassvedtektene er at det tatt inn et avsnitt om ferdsel på gravplassene og regler for bruk av pyntegjenstander og lys på gravene. Det er et økende lokalt og nasjonalt problem at alt fra pynt og batterier til plast og metall fra løse vaser og gravlykter dessverre har kommet over til naboer der det kan gjøre skade både på ville dyr og husdyr. Derfor skal ikke løse gjenstander lenger benyttes eller de må fjernes umiddelbart etter at de har vært brukt. Dersom publikum eller kirkegårdsarbeidere kommer over løs gjenstander

som kan komme på avveie, spesielt ved sterk vind, er det best om slikt fjernes om man ser det. Også om det står på en grav.

Siden fellestrådet ikke lenger tilbyr gravstell, er dette tatt ut av gravplassvedtektene. Ellers er det tatt inn en del spesifiseringer i allerede gjeldende regler som følger av annet gjeldende regelverk som for eksempel Gravplassloven og Gravplassforskriften.

Gravplassvedtektene finner du på www.lovdata.no og nettsidene kirken.no/nord-aurdal.

Ut på tur med Ulnes diakoni

Tekst: Sigrun Irene Rognås, Ulnes sokneråd

Tysdag 18.juni vart det arrangert tur i Ulnes Diakoni med buss frå Fagernes skysstasjon. Med på turen var det omlag 40 personar.

Turen starta via Ulnes kyrkje til Øyjar kapell i Røn. Her fortalte Johanna Fuglesteg, klokkar i Vestre Slidre, historia om kapellet. Sokneprest Jostein Enger held ei lita andakt, og vi sang nokre salmar. Etterpå vart det servert kaffe og kaker inne i kapellet.

Turen vidare gjekk via Haugrudvegen opp på Lehovd og vidare om Jaslanggen mot Nøsen. Torgeir Bø fortalte oss kvar han hadde hogge langs veggen og litt historie frå området, noko som gjorde turen ekstra trivelig.

Etter kvart kom vi til Langestølen kolonial og kaffe. Der fekk vi servert god heimelaga majel av Gry og Ingeborg. Til dessert fekk vi is og kaffe. Etter mat hadde vi åresalg med mange fine gevinstar.

Heimatt køyrde vi om Stølsvegane og over Gomobu, ned Ulnes og til Fagernes. JVB stilte med ein komfortabel buss og sjåfør var Alf Egil Arnegård. Takk til han for trygg køyring.

Veret på turen var lett overskya med nokre regnbyger, men det la ingen dempar på turgleda. Det har kome mange gode og positive tilbakemeldingar om hyggeleg tur og god mat.

Takk for ein triveleg dag! Triveleg at så mange vart med.



På tur med JVB i Ulnes Diakoni.



Andakt med Jostein.



Mat på Langestølen.

STØTT KYRKJELIVS ANNONSØRER:

 <p>Valdres Eiendomskontor - Tlf. 61 36 66 33</p>	 <p>2900 Fagernes - Tlf. 61 35 86 00</p>	 <p>Nord-Aurdal kommune Postboks 143, 2901 Fagernes Telefon 61 35 90 00 Faks 61 35 90 01 E-post: nak@nord-aurdal.kommune.no</p>
 <p>Fagernes Tlf. 61 35 78 30</p>	 <p>2900 Fagernes - Tlf. 61 36 28 00</p>	 <p>VALDRES FOLKEHØGSKOLE 2920 Leira Tlf. 61 35 95 00 KFUK-KFUM</p>
<p>Din annonse?</p>		 <p>Tlf: 613 60 051 E-post: damenesklaer@gmail.com</p>
 <p>Tlf. 61 35 94 00 Ruteoppl. utenom åpningstid 177</p>		 <p>Sanne-Hauglid a.s BYGGM. OG ENTREPRENØRFORRETNING WWW.SANNE-HAUGLID.NO 2900 Fagernes - Tlf. 61 36 29 50</p>
 <p>Gjensidige Valdres 2900 Fagernes - Tlf. 61 34 76 00</p>	<p>Din annonse?</p>	 <p>As Valdres og Valdres Trykkeri Boks 54 - 2901 Fagernes</p>
 <p>2920 Leira - Tlf. 61 36 00 00 3550 Gol - Tlf. 32 07 53 55</p>	 <p>2920 Leira Tlf. 61 36 29 90</p>	 <p>Jernbanevegen 4, 2900 Fagernes fagernes@kampenes.no, Tlf 61366810</p>
		
<p>Interiørsenteret</p> <p>FLISE KOMPANIET FARGERIKE VARMEFAG</p>		<p>Skreddersydde hytter og hus</p> <p>VALDRES/HYTTAS</p> <p>Tlf. 950 84 180 valdreshytter.no</p>
<p>Din annonse?</p>		<p>KIWI Aurdal KIWI Leira KIWI Fagernes</p>  <p>Kjøp kjøpt, trygt og billig</p>
		 <p>Tlf: 613 66 810 epost: fagernes@kampenes.no</p>
<p>www.vasetdansen.no</p>  <p>CAMPING - HYTTES - DAGLIGVARER - KRO 2923 Tisleidalen - Tlf 6135 9950 - camp@vasetdansen.no</p>	<p>Vi binder blomster til alle anledninger Utfører gravplanting i Nord-Aurdal etter avtale Tlf 613 61 449 epost: post@valdresblomster.no</p>	<p>Velkommen til et godt måltid!</p>  <p>Mobil: 415 08 415 epost: Kari@sekskanten.no</p>
 <p>Velkommen til Søndre Svenes Camping e-post: svennescamping.no</p>	 <p>Tlf 90722447 gryhippe@online.no</p>	 <p>VALDRES ENERGI - alltid til stede</p>
<p>AUD'S SALONG Frisør og garnutsalg 2918 Ulnes, tlf 970 66 704</p>	<p>Ønsker du fortsatt å motta Kyrkjeliv? Skal vi overleve trenger vi alle bidrag vi kan få, store som små.</p> 	
 <p>STRANDMO Med røtter i kulturarven vår</p>	<p>VIPPS 660778 eller Kontonr 2320.28.52955</p>	


Søndag 08.09.2024

16. søndag i treenighetstiden

Ulnes kyrkje. kl. 11:00 Gudsteneste
Kristine Inderhaug. Presentasjon av konfirmanter

Aurdal kirke. kl. 13:00 Gudsteneste
Kristine Inderhaug. Presentasjon av konfirmanter. Gullkonfirmanter

Søndag 15.09.2024

17. søndag i treenighetstiden

Skrautvål kyrkje. kl. 11:00 Gudsteneste
Jostein Enger. Presentasjon av konfirmanter. Utdeling av 4 årsbøker. Utdeling av bibel til alle i soknet som fyller elleve år i år
Tingnes kirke. kl. 13:00 Gudsteneste
Jostein Enger

Søndag 22.09.2024

søndag i treenighetstiden

Aurdal kirke. kl. 11:00 Gudsteneste
Kristine Inderhaug Utdeling av 4 årsbøker. Kode B
Strand kirke. kl. 13:00 Gudsteneste
Jostein Enger Presentasjon av konfirmanter

Søndag 29.09.2024 Mikkelmesse

Tingnes kirke. kl. 11:00 Gudsteneste
Jostein Enger Familiegudsteneste. Utdeling av 4 årsbøker
Tisleidalen kirke. kl. 13:00 Gudsteneste
Kristine Inderhaug. Presentasjon av konfirmanter. Utdeling av 4 årsbøker. Utdeling av bibel til alle i soknet som fyller elleve år i år

Søndag 06.10.2024

20. søndag i treenighetstiden

Aurdal kirke. kl. 11:00 Gudsteneste
Jostein Enger. Sanggudsteneste. Tingnes barnekor deltar.
Ulnes kyrkje. kl. 13:00 Gudsteneste
Jostein Enger. Utdeling av fireårsbok. Gullkonfirmanntjubileum

Søndag 13.10.2024

21. søndag i treenighetstiden

Tingnes kirke. kl. 11:00 Gudsteneste
Kristine Inderhaug
Skrautvål kyrkje. kl. 13:00 Gudsteneste
Kristine Inderhaug. Gullkonfirmanter

Søndag 20.10.2024

22. søndag i treenighetstiden

Strand kirke. kl. 11:00 Gudsteneste
Jostein Enger. Utdeling av 4 årsbøker. Gullkonfirmanter
Aurdal kirke. kl. 13:00 Gudsteneste
Kristine Inderhaug

Søndag 27.10.2024 Bots og bønnedag

Tingnes kirke. kl. 11:00 Gudsteneste.
Kristine Inderhaug

Søndag 03.11.2024 Allehelgensdag

Skrautvål kyrkje. kl. 11:00 Gudsteneste
Kristine Inderhaug
Tingnes kirke. kl. 11:00 Gudsteneste.
Jostein Enger
Ulnes kyrkje. kl. 13:00 Gudsteneste.
Jostein Enger
Aurdal kirke. kl. 18:30 Gudsteneste .
Kristine Inderhaug
Strand kirke. kl. 18:30 Gudsteneste.
Jostein Enger

Søndag 10.11.2024

25. søndag i treenighetstiden
Side 3/5

Tisleidalen kirke. kl. 11:00 Gudsteneste
Jostein Enger

Søndag 17.11.2024

26. søndag i treenighetstiden

Aurdal kirke. kl. 11:00 Gudsteneste
Kristine Inderhaug

Søndag 24.11.2024 S

Siste søndag i kirkeåret

Tingnes kirke. kl. 11:00 Gudsteneste
Jostein Enger. Lys Våken gudsteneste.

Søndag 01.12.2024 1. søn i advent

Aurdal kirke. kl. 11:00 Gudsteneste
Kristine Inderhaug
Ulnes kyrkje. kl. 18:30 Lysmesse
Jostein Enger

Søndag 08.12.2024 2. søn i advent

Tingnes kirke. kl. 11:00 Lysmesse
Kristine Inderhaug
Skrautvål kyrkje. kl. 16:00 Lysmesse
Kristine Inderhaug

TAKK!

for gåvene og pengane
som vart gjeve til Skrautvål
kyrkje ved gravferda til
Kjellaug Flaten!



Livets gang

Aurdal

Døpte:

10.03.2024 Sofie Stensæter Rødningen
10.03.2024 Amalie Stensæter Rødningen
14.04.2024 Herman Myhre Isaksen
05.05.2024 Knut Anders Nygård Nybakk
09.06.2024 Mie Bekkemellem
28.07.2024 Linnea Kværna

Vigde:

01.06.2024 Jorunn Framnes og Rune Presteseter
15.06.2024 Johanna Stjern og Kjetil Balstad
03.08.2024 Veronica Fuglien Henriksen og Morten Huset
10.08.2024 Sidsel Bjørgo Adam og Sigurd Ueland

Døde:

06.03.2024 Margot Brænd Pedersen f. 1938
20.03.2024 Magne Dagfinn Enger f. 1936
21.03.2024 Agnes Kolsrud f. 1931
26.03.2024 Lars Berg Haraldsen f. 1988
12.04.2024 Arne Nordlien f. 1945
29.05.2024 Jens Adolf Engen f. 1941
19.06.2024 Sturla Skavelden f. 1972

Skrautvål

Døpte:

05.05.2024 Hermine Haugen
21.07.2024 Jenny Hovi Lauvhaug
21.07.2024 Hermine Abel Meisdalshagen
17.08.2024 Astrid Sveen Bakkene

Vigde:

25.05.2024 Julie Alexandra Haugerud og Sondre Riise Midtun
20.07.2024 Caroline Thune Johnsen og Øyvind Gladheim

Døde:

08.03.2024 Ola Skaar f. 1949
03.05.2024 Ingar Ranheim f. 1953
03.05.2024 Kari Margrethe Gladheim Ødegård f. 1950
27.06.2024 Reidar Myrvold f. 1948
28.06.2024 Synnøve Bakke f. 1930

Svenes

Døpte:

21.04.2024 Oskar Stokkehaugen Loftu
17.08.2024 Milian Magnussen

Vigde:

04.05.2024 Hanne Christine Larsen og Jarle Inge Randby

Døde:

15.03.2024 Venche Amundsen f. 1948
02.05.2024 Elsa Hovrud f. 1943
20.06.2024 Aud Margot Loberg f. 1953

Tingnes

Døpte:

03.03.2024 Herman Robsahm Dahl
07.04.2024 Haakon Deniz Aksu Skattebo

Vigde:

08.06.2024 Christina Brustad Iversen og Vegar Nordgren



Barnas



Fargelegg!



Slik så Johannes for seg den nye himmel og den nye jord.


Tegning: Kari Sortland

Vitser

– Kelner!
Fluen i suppa
mobber meg!
– Ja. Det er en
ertesuppe.

– Hunden min har
lært seg å snakke!
Det er helt sant!
– Jeg vet det.
Bikkja mi fortalte
det i går.

Prikk til prikk



Tegn en strek fra 1 til 2 og så videre. Hva gjemmer seg her?




Gi barnebladet
Barnas til et barn
du er glad i!

Disse oppgavene er
hentet fra bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00

Finn fem feil

De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene i bildet under?



Tegning: Alessandro Coppola og
Salvatore Callerami

